



## Statens vegvesen

Samnanger kommune  
Tyssevegen 217  
5650 TYSSE

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/telefon:  
Kari Veseth Kinden / 56520261

Vår referanse:  
17/63525-3

Dykkar referanse:

Vår dato:  
30.06.2017

### Statens vegvesen sine merknader – Offentleg ettersyn – Kommuneplanen sin arealdel for Samnanger – 2017 – 2027

Me viser til oversending mottatt 08.05.16, vedkommande offentlig ettersyn av kommuneplanen sin arealdel. Utvida frist for uttale er sett til 17.07.17.

Statens vegvesen har ansvar for å sjå til at føringane i Nasjonal transportplan (NTP), statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal og transportplanlegging, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar vert ivaretekne i planlegginga. Vi uttalar oss som forvaltar av riksveg på vegne av staten, forvaltar av fylkesveg på vegne av fylkeskommunen, og som statleg fagstyresmakt med sektoransvar på transportområdet.

Statens vegvesen meiner at forslaget til kommuneplanen sin arealdel viser at Samnanger kommune har lagt ned mykje godt arbeid i prosessen. Me har fylgjande merknader til planforslaget:

- «Rammeplan for avkøyrslar og byggjegranser på riks- og fylkesvegar» er nemnt i § 7.1. Statens vegvesen meiner det er positiv at denne skal leggjast til grunn for all utbygging i kommunen. Me nyttar rammeplanen som rettleiing for handsaming av søknader om avkøyrslar og dispensasjon frå byggegrense etter Veglova.
- I § 7.3 heiter det at byggegrense mot gang- og sykkelveg er 2 meter frå midtlinje. I Veglova § 29, 2.ledd er byggegrense for gang- og sykkelveg sett til 15 meter. Statens vegvesen meiner at 2 meter frå midtlinja er for lite, og det må presiserast i føresegnene at dette ikkje gjeld byggegrenser til gang- og sykkelveg langs fylkesveg.
- Minner om at ein ved endring og/eller utbygging av områder med tilkomst via fylkesveg, både med og utan krav til reguleringsplan, må vurdere om tilkomsten til området er i samsvar med gjeldande krav i vegnormalane.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Postboks 43  
6861 LEIKANGER

Telefon: 02030  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Flyplassvegen  
5705 VOSS

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø

- Områdeplanen for Bjørkheim skal framleis gjelda. Sjølv om det er sett av midlar gjennom Hordaland Fylkeskommune sitt plan- og byggeprogram til tiltak ved kryssing av fv.7 i området, ynskjer Statens vegvesen å minna om rekkjefylgjeføresegna for krav om undergang under fv.7.
- Statens vegvesen ynskjer å opplysa at me, på oppdrag frå Hordaland fylkeskommune, skal i gang med kommunedelplan for fv. 7 Tokagjelet. Det skal her utgreiast både kortare og lengre tunnelalternativ forbi Tokagjelet, noko som kan få betydning og for Samnanger kommune. De vil difor verte involverte i dette planarbeidet.

Statens vegvesen har ingen vidare merknader til planforslaget.

Med helsing

Carl- Erik Nielsen  
Seksjonsleiar

Kinden Kari Veseth

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi  
Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 BERGEN  
Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN